



## Austevoll kommune

Hordaland Fylkeskommune

**Vår ref.**

15/56- 2018006512/15309

**Arkivkode**

15/56

**Dykkar ref.****Dato**

30.04.2018

**Søknad om investeringstilskot til idrettsanlegg med regional og nasjonal verdi**

Austevoll kommune søker med dette om investeringstilskot til Austevollbadet.

Austevollbadet vil stå ferdig i løpet av sommaren 2018 med offisiell opning 18. august. Badet vil innehalde konkurranse basseng og opplæringsbasseng med tilhøyrande garderobeanlegg og med tilskodarkapasitet på 210 plassar. Det vil også vera ein sosial del knyta til anlegget.

Austevollbadet kjem til å verta eit stort løft for symjetilbodet i kommunen, både for innbyggjarane og for symjeklubben som har vore under stor auke dei siste åra. Badet vil også vere viktig for Austevoll som ein del av idrettskretsen i Hordaland. Austevoll er ein bynær og relativt sentral kommune. Reisetida mellom Ado-arena i Bergen og Austevollbadet er ein dryg time, mens avstanden frå Flesland er enda kortare. Det er difor naturleg for oss å jobbe mot at dette anlegget skal bli ein del av det nasjonale konkurransemiljøet innan symjing.

Utbygginga av dette anlegget er kostbart for kommunen og eit eksternt tilskot vil vera eit viktig investeringsbidrag med tanke på utviklinga av anlegget.

Vedlagt i søknaden ligg anbefaling frå symjeforbundet, mens andre relevante vedlegg ligg i spelemiddelsøknaden i anleggsregisteret.

**Kultur og næringsavdelinga**

John Tveit  
Kultur- og nærings sjef

Stine Emilie Konradsen  
Folkehelse- og tilskotskoordinator

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ikkje underskrift.*

**Mottakere:**

Hordaland Fylkeskommune

**Vedlegg:**  
Svømmeanlegg Austevoll kommune - NSF